



Arkivnr: 2014/11331-10
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 03.05.2017 |
| Fylkestinget | | 13.06.2017 |

Valen kraftverk AS – utlån tilrehabilitering av dam

Samandrag

Valen kraftverk AS har fått pålegg av NVE om å rehabilitera Valedalsdammen. Utbetningsarbeidet er kostnadsrekna til 25 mill. kr. Kraftverket er eigd av fylkeskommunen og selskapet søker om lån frå fylkeskommunen for å finansiera oppgraderinga. Kraftprisane den siste tida har vore låge og dette er bakgrunnen for at selskapet vender seg til eigaren med spørsmål om lån.

Selskapet har frå før eit ansvarleg lån frå fylkeskommunen på 6 mill. kr som ein søker om vert gjort om frå lån til aksjekapital. Det ansvarleg lånet vart etablert i samband med at selskapet vart skipa som aksjeselskap frå 2002.

Fylkesrådmannen tilrår at selskapet får lån til å følgja opp pålegget frå NVE. Utlånet på 25 mill. kr vert foreslått finansiert med midlar frå kapitalfondet.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner utlån på 25 mill. kr til Valen kraftverk AS til rehabilitering av Valedalsdammen etter pålegg frå NVE. Fylkestinget godkjenner at det ansvarleg lånet på 6 mill. kr vert omgjort til aksjekapital.
2. Utlånet på 25 mill. kr vert finansiert med midlar frå kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføra budsjettendringar og inngå låneavtale med selskapet.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere den framtidige eigarskapen til Valen kraftverk AS, herunder sal av selskapet. Vurderingane vert å leggja fram for fylkestinget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Valen Kraftverk AS - ansvarlege lån
- 2 Kopi av brev fra NVE

Fylkesrådmannen, 19.04.2017**Bakgrunn**

Valen kraftverk AS har i brev av 6. april 2017 søkt fylkeskommunen om lån på 25 mill. kr til rehabilitering av Valedalsdammen etter pålegg frå NVE. Søknaden frå selskapet ligg ved saka.

Hordaland fylkeskommune eig Valen kraftverk AS og har 100% eigarskap. Kraftverket vart skipa i 1909 i samband med utbygginga av Valen sjukehus. I samband med at staten overtok spesialisthelsetenesta frå 2002 vart Valen kraftverk verande i fylkeskommunal eige og omskipa til aksjeselskap frå same tid.

Det går fram av søknaden at det i perioden 2002-2008 har vore gjort oppgraderingsarbeid for å oppnå høgare kraftproduksjon. Kraftproduksjonen har vorte nær firdobla sidan oppstarten frå 5 GWh til dagens produksjon på 19,3 GWh. Oppgraderinga til 40 mill. kr vart finansiert med vanleg lån i marknaden. Ved utgangen av 2016 står det att 29,9 mill. kr av dette lånet.

Valen kraftverk AS har fått pålegg frå NVE om å utbetre Valedalsdammen innan utgangen av 2017. Rehabiliteringsarbeidet er kostnadsrekna til 25 mill. kr.

Fram til 2015 var kraftprisane gode og selskapet hadde etter måten god økonomi. Hordaland fylkeskommune har teke ut utbyte frå selskapet på 7,5 mill. kr i perioden 2002-2014 samstundes som selskapet sin eigenkapital vart styrka.

Etter 2015 har kraftprisane gått monaleg ned og dette påverkar sjølvstøtta økonomien i selskapet. Dei to siste åra har ein akkurat kome ut på plussida etter at renter og avdrag på gjelda er dekkja inn. Den svake kraftmarknaden, og utsiktene til at marknaden held seg slik dei næraste åra, gjer at selskapet vender seg til eigaren for å få finansiert rehabiliteringsarbeidet. Det har vist seg vanskeleg å få til tilsvarande finansieringsopplegg som ein hadde ved utbygginga for å få auka produksjon. Eit tilleggsmoment for rehabiliteringa er at dette prosjektet ikkje vil gje auka produksjon, men kjem som nemnt etter pålegg frå NVE. Rekneskapen for selskapet for åra 2015 og 2016 ligg ved.

Selskapet nemner i søknaden at ein har søkt om å kome inn under ordninga med el-sertifikat. Søknaden ligg no til endeleg avgjerd i Olje- og energidepartementet. Om ein kjem inn under denne ordninga vil det gje selskapet vesentleg auka inntekter, men likevel ikkje i tilstrekkeleg grad til å kunna finansiera rehabiliteringa.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Kraftmarknaden har vore klart svakare dei to siste åra enn ti-årsperioden før. Fylkeskommunen har merka dette ved at konsesjonskraftinntektene har vorte vesentleg svekka dei siste åra. Utsiktene er at konsesjonskraftinntektene vil halda fram med å gå ned. Prognosen for dei komande åra er ned frå om lag 50 mill. kr i inntekter i 2017 til 30 mill. kr i 2019.

Ut frå det generelle biletet på kraftmarknaden, har fylkesrådmannen forståing for at selskapet vender seg til eigaren for å få finansiering. I særleg grad gjeld dette sidan prosjektet kjem som eit pålegg frå NVE og heller ikkje gjev ny kraftproduksjon.

Fylkesrådmannen er oppteken av at pålegg frå statleg hald må følgjast opp anten det kjem til fylkeskommunen eller til selskap eigd av fylkeskommunen. Fylkesrådmannen er difor innstilt på å yta lån til Valen kraftverk AS på 25 mill. kr som det er søkt om.

Fylkeskommunen sitt kapitalfond var ved utgangen av 2016 på 43 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår at utlånet vert finansiert frå dette fondet.

Selskapet har også søkt om å få omgjort eit ansvarleg lån på 6 mill. kr til eigenkapital for å styrka finansieringa av selskapet. Denne omgjeringa har ikkje økonomiske konsekvensar utover endringar i fylkeskommunen sin balanserekneskap. Fylkesrådmannen tilrår at denne endringa vert gjennomført.

Fylkesrådmannen viser elles til det som er nemnt om ordninga med el-sertifikat og inntekspotensialet som ligg her. Om Olje- og energidepartementet godkjenner at selskapet kjem inn under denne ordninga, vil dette letta den økonomiske situasjonen for selskapet monaleg.

Selskapet framover

Det går fram ovanfor at fylkeskommunen har eigd Valen kraftverk sidan starten i 1909. Fram til 2002 dreiv fylkeskommunen Valen sjukehus og kraftverket var ein integrert del av drifta ved sjukehuset. I samband med den statlege overtakinga av spesialisthelsetenesta fekk fylkeskommunen framleis eigarskap til kraftverket.

Det går fram av søknaden frå selskapet at eigarskapen har tilført fylkeskommunen utbyte på 7,5 mill. kr i perioden 2002-2014. Dei siste åra har ikkje selskapet sin økonomi gjeve rom for utbyte. Slik kraftmarknaden ser ut, kan dette vera tilfelle også dei komande åra.

Etter den statlege overtakinga av spesialisthelsetenesta, har ein ikkje hatt eit naturleg knytningsspunkt mellom den fylkeskommunale drifta og eigarskapen av kraftverk. Tilsvarende tilknytning var gjeldande for Valen gard fram til 2002. Fylkestinget vedtok i 2012 å selja garden.

Fylkesrådmannen meiner det er tid for å vurdere eigarskapen i Valen kraftverk AS. Både sal av selskapet og vidareutvikling bør vurderast. Slik det går fram av søknaden frå selskapet, er det framleis fallrettar i området som enno ikkje er utnytta. I vurderinga må også utviklinga i kraftmarknaden inngå. Sjølv om utsiktene ikkje er dei beste no, har røynsle vist at dette kan snu – og verdien av selskapet vil sjølvsagt svinga med desse marknadsvurderingane.

Fylkesrådmannen foreslår at det vert sett i gang ei slik vurdering og at vurderinga vert lagt fram for fylkestinget.